

Medlem og varamedlem i Eidfjord felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Arkivsakid-doknr: 20/175-58
Journalpostid: 23/6134

Saksh: Linda Ågotnes Kaland
Telefon: 53 67 35 37

Arkivkode: K1-033
Dato: 08.06.2023

Møtebok 06.06.2023

Tid: Kl. 10.00 – 11.00.

Stad: Møterom i 2. etg. på kommunehuset.

Frå fellesrådet møte:

Marete Sæbø, Harald Næss, Frode Eriksen, Ole-Johnny Odland, Johanna Håbrekke. Sigrid Bu og Magnar Røyse hadde forfall. Det var ikkje kalla inn vara.

Frå administrasjonen møte:

Linda Ågotnes Kaland (møtesekretær)

Til å skriva under møtebok:

Marete Sæbø og Harald Næss.

Sak 102 - Godkjenning av møtebok 25.04.2023

Møteboka vart godkjent.

Sak 103 - Sparebankstiftinga

Rådet fekk tildelt beløp som omsøkt kr: 75 750 til prosjektet «Trim for alle». Det dreier seg om utetreningsapparat «skywalker» og benk i betong frå Tunge ting til å ha oppe ved bygdaheimen der det andre utetreningsapparatet står.

Thomas Hereid Eide har sagt seg villig til å vere prosjektleiar og syta for bestilling av det som trengs, samt plassering og montering.

Sak 104 - Utsmykking i sansehagen

Kultur v/ Bergljot Maria Veivåg Huso meldte forfall og kunne ikkje stilla til handsaming av saka. Ho sendte informasjon til sekretær som ble videreformidla i møte. Bergljot hadde funne eit konkret forslag til skulptur som rådet likte, men dei ville gjerne få litt fleire forslag framlagt før dei landa på noko å gje bygdaheimen innspel om. Sekretær høyrer med Bergljot om det er mogeleg å få fleire forslag til neste møte.

Rådet ynskjer ein konkret og enkel skulptur som er lett å sjå kva er. Til dømes mor med born, personar, engel, fug eller liknande. Dei vil og at skulpturen skal belysast/lyssettast slik at det er fint å sjå også i vinterhalvåret.

Sak 105 - Reglar på bygdaheimen for bebuarar og besøkande ved markering av større dagar

Leiar har vore i kontakt med bygdaheimen og fått informasjon om at dei held på å utarbeida eit skriv angående dette. Rådet vil gjerne sjå skrivet når det er ferdig, og mogeleg koma med innspel då om dei har nokon.

Sak 106 - Tilleggssak Ymse

- Kari Læg Reid er nyttilsett som folkehelsekoordinator i Eidfjord kommune og byrjar i august. Ho vert invitert til neste møte i fellesrådet 22.08.23.
- Turar for bebuara på bygdaheimen? Harald Næss finner ut litt om dette til neste møte.
- Vekselbanken etablerer seg i Eidfjord, både med kontor der Lillian Læg Reid er tilsett og med minibank.
- Ny politisk periode betyr nytt råd, lurt å tenke på dette tidleg. Partiene er ansvarleg for å velgje. Pensjonistforbundet kan koma med innspel.
- Ny oppmerka handicap parkering ved Coop – er den merka i samarbeid med Magnar Røyse?

Etter saklista gjekk me samla til Vøringfoss hotel for ein lett lunsj, kaffi og kaka.

Neste møte vert 22.08.2023

Leiar

Medlem

Med venleg helsing
Eidfjord kommune

Linda Ågotnes Kaland
Sakshandsamar

Kopi til arkiv og kopibok